# Styresak

| | |
|---|---|
| Går til: | Styremedlemmar |
| Føretak: | Sjukehusapoteka Vest HF |
| Dato: | 06.02.2014 |
| Frå: | Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum |
| Sakshandsamar: | HR-sjef Berit Berntsen/ Fagdirektør Øystein Torgauten/ Økonomisjef Ola Rye |
| Saka gjeld: | **Rapport frå verksemda per desember 2013** |

**Styresak 04/14 (O)** **Styremøte 14.02.2014**

## Forslag til vedtak:

Styret tek rapporten til etterretning.

Sjukehusapoteka Vest HF

# Rapport frå verksemda
per desember 2013

# Innhald


1. Oppsummering ... 4
2. Medarbeidarar ... 4
   - 2.1 Bemanning/ innleie ... 4
   - 2.2 Deltid ... 5
   - 2.3 Sjukefråvere ... 5
   - 2.4 HMT ... 6
   - 2.5 Kompetanseutvikling ... 6
3. Apotekfag ... 7
   - 3.1 Aktivitet og fagleg utvikling siste periode ... 7
     - 3.1.1. Publikumsutsala ... 7
     - 3.1.2. Sjukehusekspedisjonane ... 8
     - 3.1.3. Tilsettingsproduksjon ... 9
   - 3.2 Kvalitet og beredskap ... 10
   - 3.3 Miljøsertifisering ... 11
   - 3.4 Forsking og utdanning ... 11
4. Økonomi ... 11
   - 4.1 Samla resultat ... 12
   - 4.2 Driftsanalyse per forretningsområde ... 13
     - 4.3.1 Publikumsutsal ... 14
     - 4.3.2 Sjukehusekspedisjon ... 16
     - 4.3.3 Tilsetningsproduksjon ... 18
     - 4.3.4 Steril/ikkje steril produksjon ... 20
     - 4.3.5 Farmasøytisk rådgjeving ... 21
     - 4.3.6 Administrasjon ... 22
   - 4.3 Balanse og kontantstraum ... 23

# 1. Oppsummering

HR-avdelinga har hatt fokus på organisasjon, arbeidsmiljø, leiing og medarbeidarskap siste året. Vi har og hatt tett oppfølging av sjukefråvere. Med unntak av juni og juli har sjukefråvere gått ned i 2013 samanlikna med 2012.

Aktiviteten på fagsida siste periode er fortsatt knytt til oppfølging av kundeundersøking, kvalitetsprosjekt, beredskapsøvingar og miljøsertifisering.
Planlegging av tiltak for å auke margin på varesal i publikumsekspedisjonane har krevja både interne og innleidde ressursar.

SAV har ved utgangen av desember ein omsetning som ligg 6,0 mill. Bruttomargin frå varesalet er 7,1 mill. lågare enn budsjettmålet. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 0,9 mill. over budsjett og 11,1 mill. under budsjett. Reduserte driftskostnader kjem frå refusjon av IKT kostnader med i alt kr 7,8 mill. knytt til frådrag for inngåande mva. hjå Helse Vest IKT for åra 2009-2013. Samla gjev dette eit resultat for 2013 på 16,3 mill.

I verksemdsområda har det i 2013 vore høg aktivitet og god inntening i PRO og avdeling 145, med resultat høvesvis på 12,2 mill. og 1,4 mill. over budsjett. Både SHE og PUB viser resultat på høvesvis 4,4 og 3,1 mill. under budsjett, noko som i hovudsak skuldast lågare omsetning og høgare varekost enn budsjettert. Innan AFR er resultatet 1,4 mill. under budsjett, då spesielt knytt til manglande leveransekapasitet ved SiB.

# 2. Medarbeidarar

Kapitlet synleggjer utvikling i årsverk samanlikna med fjoråret og budsjetterte årsverk. Kapitlet ser og på status ulike grunnar til fråvere, forutan sjukefråvere.

## 2.1 Bemanning/ innleie

| Desember | **Desember 2012** | **Desember 2013** | **Endring frå i fjor** | **Budsjett 2012** | **Budsjett 2013** |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto månadsverk | 210 | 213 | 3 | | |
| Netto månadsverk | 195 | 199 | 4 | 192,2 | 203,4 |
| Innleie | 2 | 1 | -1 | 2 | 0 |
| Fråvere dagsverk | 690 | 889 | 199 | | |
| Fråvere prosent | 16,5 | 20 | 3,5 | | |
| Årsak fråvere dagsverk: | | | | | |
| Sjukdom | 261 | 340 | 79 | | |
| Lønna perm | 186 | 246 | 60 | | |
| Ikkje lønna perm | 2 | 0 | -2 | | |
| Ferie | 241 | 303 | 62 | | |
| Anna | 0 | 0 | - | | |

Bruk av månadsverk ligg innafor budsjett. Vi ser at lågare sjukefråvere heng saman med lågare samla bruk av meirtid og overtid. Samstundes vil utviklingsarbeid gje behov for ekstra ressursar. I desember 2013 var det brukt totalt 522 timar overtid, ein nedgang frå året før (646 timar). Timar meirtid i desember 2013 er det same som året før: 735 mot 734 timar på same tid i fjor. 197 var fast tilsette i desember 2013 mot 200 i 2012. 20 tilsette var i lønna/ ikkje

lønna permisjon i desember 2013 mot 10 året før, og vi engasjerte 20 vikarar mot 16 året før. 2 tilsette er konstituert i leiarstillingar i desember 2013.

## 2.2 Deltid

Deltid har ikkje vore ein problemstilling i Sjukehusapoteka Vest, gjennomsnittleg stillingsprosent er 94,3 i desember 2013, same som i desember 2012.

## 2.3 Sjukefråvere

Føretaket har eit totalt sjukefråvær på 7,9 % i 2013 mot 8,8 % i 2012. Sjukehusapoteka Vest har framleis høgt sjukefråvær, men i 2013 hadde vi ei fin utvikling og vi ser for første gong ein trend som går ned. Fleire apotek har fin nedgang i sjukefråværet i 2013.

Sjukefråværet isolert i desember 2013 er på 8,3 % mot 6,7 % i desember 2012. Samla tal for alle føretaka i Helse Vest er 7 % i desember 2013. Mål for sjukefråvær i Helse Vest er 5,5 %. 17 einingar i føretaket har sjukefråvær under 5,5 % i 2013 mot 15 i desember 2012.




Aldersgruppa over 60 år har 20,3 % sjukefråvær (totalt 13 tilsette), aldersgruppa 50-59 har 8,6 % (totalt 77 tilsette) og aldersgruppa 40-49 har 10,7 % sjukefråvær (totalt 58 tilsette), medan aldersgrupperingane 30-39 år (totalt 63 tilsette) og 20-29 år (totalt 28 tilsette) har høvesvis 3,9 % og 6,2 % sjukefråvær. Det er altså tilsette i aldersgruppa over 60 år som har høgast sjukefråvær etter siste måling. Sjukefråværet i gruppa 40-49 år er òg høgt.

Farmasøytar har eit sjukefråvær på 7,3 % i desember 2013 (6,1 % i desember 2012) og apotekteknikarar har 9,1 % i desember 2013 (7,8 % i desember 2012). Skilnaden i sjukefråværet mellom dei største yrkesgruppene i SAV er blitt mindre siste året. Apotekteknikarane har fin nedgang frå våren 2013 og ser ut til å ha eit stabilt lågare sjukefråvær enn tidlegare. Sjukefråværet i farmasøytgruppa er høgare enn grupper det er naturleg å samanlikne seg med.

Sjukefråvær i desember 2013 er fordelt på 4,2 % korttidsfråvær og 4,1% langtidsfråvær. Korttidsfråværet er framleis høgt, men er lågare samanlikna med desember 2012 (4,7 %).

2 % av sjukefråværet i desember 2013 er eigenmeldt, medan 6,3 % er sjukemeldt. Tala i desember 2012 var 2,1 % eigenmeldt fråvær og 4,6 % sjukemeldt fråvær, så trenden med at tilsette heller går til lege enn å nytte eigenmelding held fram.

Bedriftshelsetenesta hadde i 2013 særskilt oppfølging av eit apotek, og det så ut til å ha god effekt. Det største apoteket har høgt sjukefråvær gjennom heile 2013, noko som forklarar korfor sjukefråværsprosenten totalt i føretaket er så stor. Bedriftshelsetenesta har planlagt særskilt oppfølging av dette apoteket og eit apotek til i 2014.

## 2.4 HMT

| Felt | Verdi |
|---|---|
| Saksbehandl. enhet: | Sjukehusapoteka Vest HF |
| Saksdato: | Fra: 01.01.2013 |
| Saksdato: | Til: 31.12.2013 |
| Sakstype: | Uønsket hendelse med konsekvens - HMS/Ansattskade, Uønsket hendelse uten konsekvens - HMS/Ansattskade |

Antall rader: 29

| Saksnr. | Saksbehandlende enhet | Registrert av enhet | Hendelsetype | Periode= år/uke | Status | Antall saker |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 109694 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - SHE | Ansattskade - Stikk, ikke påvist/ukjent om smitte fra pasient - Sprøytespiss | 2013 01 | Avsluttet | 1 |
| 110166 | Sjukehusapoteket i Bergen - Adm. | SIB Prod. avd. | Ansattskade - Fall - Annet | 2013 02 | Avsluttet | 1 |
| 110449 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. avd. | SIB - SHE/Logistikk | HMS - Medikamenter/cytostatika - Eksponering - Søl/sprut | 2013 02 | Avsluttet | 1 |
| 111347 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. avd. | SIB - Prod. avd. | Ansattskade - Stikk, ikke påvist/ukjent om smitte fra pasient | 2013 04 | Avsluttet | 1 |
| 111792 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - Publ. avd. | Ansattskade - Stikk, ikke påvist/ukjent om smitte fra pasient - Sprøytespiss | 2013 04 | Avsluttet | 1 |
| 111971 | Sjukehusapoteket i Bergen | SIB - Prod. avd. | HMS - Utstyr/Arbeidsutstyr - Vedlikehold/service - Mangelfull | 2013 06 | Avsluttet | 1 |
| 112003 | Sjukehusapoteket i Bergen - Adm. | SIB - Adm. | Ansattskade - Fall - Fall på glatt/vått underlag ute | 2013 06 | Avsluttet | 1 |
| 113531 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - SHE | Ansattskade - Stikk, ikke påvist/ukjent om smitte fra pasient - Sprøytespiss | 2013 09 | Avsluttet | 1 |
| 115487 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. avd. | Helse Bergen HF - Kreft polikl. | Uønsket hendelse u/konsekvens - HMS/Ansattskade, ikke påsatt hendelsestype | 2013 13 | Under behandl. | 1 |
| 115728 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - Publ. avd. | HMS - Medikamenter/cytostatika - Håndtering - Uforsvarlig/mangelfull håndtering | 2013 14 | Avsluttet | 1 |
| 116121 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. avd. | SIB - Prod. avd. | HMS - Medikamenter/cytostatika - Eksponering - Søl/sprut | 2013 09 | Avsluttet | 1 |
| 119893 | Sjukehusapoteket i Haugesund - Prod. avd. | SIH - AFR | Ansattskade - Kutt, ikke påvist/ukjent smitte fra pasient - Skarp gjenstand | 2013 22 | Avsluttet | 1 |
| 120228 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. avd. | SIB - Prod. Avd. | HMS - Arbeidslokaler - Annet | 2013 23 | Avsluttet | 1 |
| 120403 | Sjukehusapoteket i Haugesund - Prod. avd. | SIH - SHE/Logistikk | Ansattskade - Kutt, ikke påvist/ukjent smitte fra pasient - Glass | 2013 24 | Avsluttet | 1 |
| 122267 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. avd. | Helse Bergen - Avd. for Kreftbeh.- | Ansattskade - Kjemikalier/medikamenter/gasser - Lekkasje | 2013 28 | Avsluttet | 1 |
| 124879 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - Publ. avd. | Hendelsetype - Ansattskade - Kjemikalier/medikamenter/gasser - Søl/sprut | 2013 35 | Avsluttet | 1 |
| 125392 | Sjukehusapoteket i Bergen - SHE/Logistikk | SIB - SHE/Logistikk | HMS - Arbeidslokaler - Annet | 2013 36 | Under behandl. | 1 |
| 126411 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - Prod. avd. | HMS - Medikamenter/cytostatika - Eksponering - Søl/sprut | 2013 38 | Avsluttet | 1 |
| 127433 | Sjukehusapoteket i Førde - Publ. avd. | SIF - Adm. | HMS - Psykososialt arbeidsmiljø - Traumatisk opplevelse | 2013 39 | Under behandl. | 1 |
| 127611 | Sjukehusapoteket i Bergen - Adm. | SIB - Prod. steril / ikke-steril | Ansattskade - Kutt, ikke påvist/ukjent smitte fra pasient - Glass | 2013 40 | Avsluttet | 1 |
| 127783 | Sjukehusapoteket i Haugesund - Prod. Avd. | SIH - Prod. Avd. | HMS - Utstyr/Arbeidsutstyr - Feil/mangler ved utstyr | 2013 39 | Avsluttet | 1 |
| 127835 | Sjukehusapoteket i Stavanger - SHE | SIS - SHE | Ansattskade - Sammenstøt/påkjørsel/velt - Transportkjøretøy internt | 2013 40 | Avsluttet | 1 |
| 130246 | Sjukehusapoteket i Haugesund - SHE/Logistikk | SIH - SHE/Logistikk | Ansattskade - Forflytning/løft - skyv/dra - Av gjenstand | 2013 44 | Avsluttet | 1 |
| 130299 | Sjukehusapoteket i Bergen - SHE/Logistikk | SIB - SHE/Logistikk | Uønsket hendelse m/ konsekvens - HMS/Ansattskade, ikke påsatt hendelsestype | 2013 45 | Registrert | 1 |
| 130876 | Sjukehusapoteket i Bergen - Prod. Steril/Ikke steril | SIB Prod. Steril/Ikke steril | Uønsket hendelse u/ konsekvens - HMS/Ansattskade, ikke påsatt hendelsestype | 2013 46 | Registrert | 1 |
| 131670 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Prod. avd. | SIS - Publ. avd. | Uønsket hendelse u/ konsekvens - HMS/Ansattskade, ikke påsatt hendelsestype | 2013 47 | Under behandl. | 1 |
| 131809 | Sjukehusapoteket i Bergen - Adm. | SIB - Adm. | Uønsket hendelse u/ konsekvens - HMS/Ansattskade, ikke påsatt hendelsestype | 2013 47 | Under behandl. | 1 |
| 131825 | Sjukehusapoteket i Stavanger - Adm. | SIS - Adm. | Ansattskade - Støt/treff av gjenstand - Fallende gjenstand | 2013 48 | Registrert | 1 |
| 134355 | Sjukehusapoteket i Bergen - Publ. avd. | SIB - Publ. avd. | Uønsket hendelse uten konsekvens - HMS/Ansattskade, ikke påsatt hendelsestype | 2014 01 | Registrert | 1 |
| | | | | | | 29 |

I 2013 ble det totalt registrert 29 HMT avvik i SAV mot totalt 40 i 2012. Framleis er det hovudsakleg lettare småskadar som kutt/stikk-, søl og fallskadar som rapporterast. Dei fleste stikkskadane skjer i Produksjonsavdelingane. Tal på rapporterte HMT avvik går ned til tross for auka fokus med påminningar og utsending av statusrapportar til apoteka. Avvikshandtering skal behandlast som del av Driftsforum i 2014. Det skal sikre avdekking av eventuelle trendar og betre erfaringsoverføring mellom apoteka i saker som er gjennomgåande i føretaket.

## 2.5 Kompetanseutvikling

Kompetanseplan for 2014 er vedteken etter handsaming i Leiargruppa, i FAMU og drøfting med Fagorganisasjonane. Fokus på leiarutvikling, kundekommunikasjon/ sal og klinisk farmasi / IMM held fram. Nytt for 2014 i høve til sal er særskild satsing på hudpleie som kompetanseområde.

# 3. Apotekfag

## 3.1 Aktivitet og fagleg utvikling siste periode

**e-Resept**
Utrulling av e-Resept på Voss er gjennomført med godt resultat. Dette er den første store utrullinga etter gjennomførd pilot på Reuma-avdelinga ved Haukeland sjukehus. Systemet manglar fortsatt ei løysing for handsaming av såkalla magistrelle reseptar.
Brukarane er svært positive til e-Resept-løysinga og nøgde med opplæringa som vart gitt.
Helse Bergen startar e-Resept utrulling i årsskiftet 2013/2014, dei andre føretaka venteleg på nyåret.

**KULE (Kurve og Legemiddel)**

Prosjektet har følgt planlagd framdrift i heile 2013. Tredje runde dialogmøter er i gang. SAV har levert etterspurde ressursar. Aktivitet og plan vert ført vidare inn i 2014.

**Elektronisk ordre frå sjukehus til apotek – TønSys**
I 2013 vedtok SAV å frigje ein farmasøyt i 80 % stilling som regional prosjektleder for TønSys utrulling. Prosjektstart er sett 1.1. 2014. Det regionale prosjektet skal legge til rette for lokal utrulling i det enkelte sjukehusføretak.
Kvart av sjukehusføretaka fastset sin eigen tidsplan for utrulling, og SAV vil frigje ressursar i høve til dette.
Ein forventar å kunne effektivisere arbeidet i sjukehusekspedisjonane etter innføring av TønSys, og vri ressursbruken over frå kontroll til kundeservice. For pasienttryggleiken på sjukehusa forventar ein at TønSys bidreg til å redusere feil knytt til bestilling, og sikre rett vare på sjukehuspostane til rett tid.

**Samhandlingsreforma**
I 2013 har SAV levert tenester knytt til prosjekt i Nordfjord og Stavanger.
SAV har ikkje oppnådd leveransar knytt til samhandlingsavtalar utanom desse prosjekta.

### 3.1.1. Publikumsutsala
Aktiviteten i Publikumsutsala, målt som pakningar og ordinasjonar, syner stabil aktivitet over nivå for tidligare år. Akkumulert vekst i ordinasjonar i høve til 2012 er 8,4 %. Tal pakningar vaks berre med 2,0%.
Det er ikkje gjort noko analyse av at dei to veksttala er så pass ulike. Ein tenkeleg samanheng kan vere at reseptane vert skrivne for kortare tids bruk enn før, og dermed med færre pakningar pr. ordinasjon. Auka tilgang på eller bruk av store pakningar (til dømes 1x100 tablettar i staden for 3x30 tablettar) er og tenkeleg. Den siste forklaringa ville tendere mot redusert gjennomsnittleg bruttoforteneste. SAV vi analysere dette området meir i detalj.







### 3.1.2. Sjukehusekspedisjonane

Tal selde pakningar i sjukehusekspedisjonen er akkumulert nær 11% lågare enn i 2012, men noko  høgre enn i 2011. For desember alene er nedgangen på 18%. Mykje av årsaka ligg i overføring av sal av pakningar frå produksjon i standen for frå sjukehusekspedisjonen.




## 3.1.3. Tilsettingsproduksjon

Cytostatika-produksjon auka med heile 15,4% samanlikna med 2012. Talet speglar at SAV har teke over produksjon som tidlegare vart gjort på sjukehusa, og venteleg ein auke i tal pasientar behandla.
Anna tilsetning, der TPN er største produktgruppa, auka med 46%. I 2013 er heimepasientar rekna med i tal anna tilsetting, og ein kan derfor ikkje samanlikne 2013 direkte med tidlegare år, men auken er betydeleg.






## 3.2 Kvalitet og beredskap

Kvalitetssatsinga i SAV er starta. Det prosessorienterte kvalitetssystemet «KVASS» levert i 2004 av Qualisoft er stadig i drift, men ei ny versjon er installert ved sidan av det gamle. Det nye systemet har funksjonar som versjonsstyring, personleg logging og eit brukargrensesnitt som gjer det lett å finne sitt eige aktuelle brukarområde. Det nye systemet krev formatering for å ta viktige funksjonar i bruk.

PwC er leigd inn for å kartlegge logistikken knytt til den nye plukkautomaten og logistikklina ved sjukehusekspedisjonen i Bergen. Kartlegginga vil gje grunnlag for å modellere den verdiskapande hovudprosessen i sjukehusekspedisjonen, og er tenkt som modell for dei andre apoteka. Her har SAV avtalt samarbeid med og bistand frå arkitekturkontoret i Helse Vest IKT. Systemleverandøren Qualisoft er også leigd inn, dels for å hjelpe i sjølve prosjektet og dels for å gi kunnskap om verktøy og prosess-modellering.

Parallelt er det planlagt å analysere og modellere nokre av hovud- og støtte-prosessane. Erfaringa vil gje eit betre grunnlag for å formatere prosessverktøyet, finne eit godt brukargrensesnitt og starte ei brei revisjon av styringssystemet i SAV.

Det er no frigitt ressursar frå Helse Vest IKT sitt verksemdsarkitektkontor for å bidra i utviklinga av  prosess-styringssystemet i SAV. SAV sitt prosjekt vert dermed pilot for Helse Vest.

I 2013 har leiargruppa i SAV har fått opplæring og øving i bruk av HelseCIM for varsling, registrering av hendingar, loggføring, dokumentasjon mv.
Beredskapsleiinga i SAV har nå tilgang til HelseCIM, men bare for SAV isolert. Vi har ikkje tilgang til sjukehusføretaka sine område på HelseCIM og kan av den grunn ikkje ta del i hendingar eller øvingar før sjukehusføretaket i kvart enkelt høve vedtek å gje personar i SAV slik tilgang. SAV arbeider med å få tilgang og til hendingar i sjukehusføretaka.

SAV har tatt del i to store øvingar i Helse Vest, øvingane Risavika og Tyr. I begge la SAV inn handtering av etterfylling, både mellom SAV sine apotek og frå grossist. Øvingane har gitt nyttig læring, og rapportar frå desse er sendt til Helsedirektoratet, for at dei skal være orienterte om vårt arbeid på dette området.

I verkelege beredskapssituasjonar, til dømes ulukkene i Gudvangen-tunnelen og i Lærdal (i 2014) har SAV tatt initiativ til bistand, og skaffa aktuelle legemedel til veie.

## 3.3 Miljøsertifisering

SAV har inngått avtale med Det norske Veritas (DnV) om miljøsertifisering. Avtalen omfattar forundersøking i januar 2014, hovudrevisjon i april – mai, og SAV forventar å bli sertifisert i løpet av juni. Planen er verifisert av Veritas, og arbeidet med systembygging som grunnlag for forundersøkinga er godt i gang.

## 3.4 Forsking og utdanning

Den eine av dei to D-stillingane vil få økt tid til forsking frå 2014 for å ta igjen tid som vart nytta til e-Resept-prosjektet hausten 2013.

For begge D-stillingane er planen å publisere nok vitskaplege artiklar som grunnlag for å søke stipend i september 2014, og begge er i rute til å nå dette.

Arbeidet med masterstudentar og elevar vert no koordinert av HR-avdelinga.

Fagdirektør har ansvaret for Forskingsaktivitet (førebels de to D-stillingane) og Innovasjon (gjennom Regional innovasjonsprosess og Innovasjonsnettverket i Helse Vest).

# 4. Økonomi

SAV har ved utgangen av desember ein omsetning som ligg 6,0 mill. Bruttomargin frå varesalet er 7,1 mill. lågare enn budsjettmålet. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 0,9 mill. over budsjett og 11,1 mill. under budsjett. Reduserte driftskostnader kjem frå refusjon av IKT kostnader med i alt kr 7,8 mill. knytt til frådrag for inngåande mva. hjå Helse Vest IKT for åra 2009-2013. Samla gjev dette eit resultat for 2013 på 16,3 mill., noko som er 3,1 mill. over budsjett og 10,2 mill. betre en prognose for 2013 frå november. Endring frå prognose 2013 er vist nedanfor.

| **Resultatprognose 2013 per november** | **6 045** |
|---|---|
| Kreditert kostnader fra HV IKT årene 2009-2013 (mva refusjon) | 7 840 |
| Økt pensjonskostnad endelig aktuarberegning | -289 |
| Økt refusjon pensjonskostnader Helse Vest | 1 168 |
| Økt bruttofortjeneste varesal | 963 |
| Andre endringer | 581 |
| **Resultat per desember 2013 *** | **16 308** |

**Resultatet viser et avvik mot årsregnskapet og tabellar nedanfor på 0,5 mill. Dette skuldast feil i rapportoppsett. Avviket ligg under personalkostnader.*

Samla resultat ved utgangen av desember fordelt på verksemdsområder og administrasjon er vist i tabellar nedanfor. Tal med raud farge indikerer underskot, negativt budsjettavvik eller overforbruk av kostnader. Reduksjon i IKT kostnader betrar resultat i det enkelte verksemdsområde gjennom tilsvarande reduksjon i fordelte felleskostnader frå FAD.

I verksemdsområda har det i 2013 vore høg aktivitet og god inntening i PRO og avdeling 145, med resultat høvesvis på 12,2 mill. og 1,4 mill. over budsjett. Både SHE og PUB viser resultat på høvesvis 4,4 og 3,1 mill. under budsjett, noko som i hovudsak skuldast lågare omsetning og høgare varekost enn budsjettert. Innan AFR er resultatet 1,4 mill. under budsjett, då spesielt knytt til manglande leveransekapasitet ved SiB.

| Resultater 2013 | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regnskap vs Budsjett pr 201312 | | | | | | | | | | | | | | |
| | SAV | | SHE | | PUB | | PRO | | 145 | | AFR | | X10 (lokal adm) | |
| | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik |
| **SIB** | 7 239 | 933 | 1 625 | -962 | -891 | -910 | 7 620 | 5 303 | 1 678 | 1 405 | -1 382 | -2 493 | -1 411 | -1 411 |
| **SIF** | 641 | 199 | 193 | -813 | -545 | -110 | 1 410 | 893 | | | -712 | -66 | 295 | 294 |
| **SIS** | 5 883 | 2 911 | 1 042 | -1 987 | -1 401 | -1 010 | 5 648 | 5 056 | | | 327 | 585 | 267 | 267 |
| **SIH** | 1 490 | -336 | -742 | -652 | -415 | -1 077 | 1 971 | 950 | | | 807 | 575 | -129 | -129 |
| **FAD** | 1 518 | -149 | | | | | | | | | | | | |
| **SAV** | **16 770** | **3 557** | **2 118** | **-4 414** | **-3 252** | **-3 108** | **16 649** | **12 202** | **1 678** | **1 405** | **-960** | **-1 399** | **-978** | **-979** |

Lokal administrasjonskostnad (X10-avdelingane) før fordeling til verksemdsområda er vist i figur under. Kostnader over budsjett kjem hovudsakleg av at ein ikkje har greidd å flytte tilsette til rett koststad (driftsavdelingar) i lønnssystemet.

| Kostnader lokal adm (X10) | SAV | | SIB | | SIF | | SIS | | SIH | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik |
| | -14 704 | -2 052 | -6 695 | -1 801 | -1 739 | 126 | -4 416 | -146 | -1 854 | -231 |

Netto FAD kostnader eksl. finansposter og tilskott frå Helse Vest for meirkostnad pensjon før fordeling til verksemdsområda er vist i figuren under. FAD har reduserte kostnader som følgje av redusert kostnader til innleige av ressursar og IKT. Forklaring på reduserte IKT kostnadar under Økonomi.

| Kostnader FAD | FAD | | 910 FAD | | 920 Styret | | 925 Fag | | 970 IKT | | 930 Økonomi | | 945 Møllendalsb. | | 950 Personal | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik | Akk | Avvik |
| | -33 126 | 9 879 | -2 494 | 977 | -962 | 399 | -7 675 | -276 | -6 654 | 8 202 | -8 824 | 812 | -1 019 | 48 | -5 498 | -284 |

## 4.1 Samla resultat

| Budsjett overført: 03.02.2014 00:40 - 03.02.2014 01:15<br>Regnskap overført: 03.02.2014 01:15<br>Kjørt dato: 03.02.2014 16:55 | Akkumulert per 201312 | | | Hittil i fjor | | Hele året | | | Hele fjoråret |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Regnskap | Budsjett | Regnskap - Budsjett | Regnskap | I år - I fjor | Prognose (siste låste) hele året | Budsjett hele året | Prognose - Budsjett | Regnskap |
| Inntekter frå varesalg | 767 546 | 774 140 | -6 594 | 737 005 | 30 540 | 759 849 | 774 140 | -14 291 | 737 005 |
| Varekostnader | 660 343 | 659 855 | 488 | 697 327 | -36 984 | 653 599 | 659 855 | -6 256 | 697 327 |
| **Brutto fortjeneste** | **107 203** | **114 285** | **-7 082** | **39 679** | **67 524** | **106 250** | **114 285** | **-8 035** | **39 679** |
| **Brutto fortjeneste %** | **13,97 %** | **14,76 %** | **-0,80 %** | **5,38 %** | **8,58 %** | **13,98 %** | **14,76 %** | **-0,78 %** | **5,38 %** |
| Inntekter frå tjenester | 58 701 | 60 290 | -1 589 | 51 992 | 6 708 | 58 700 | 60 290 | -1 589 | 51 992 |
| Andre inntekter | 21 737 | 19 590 | 2 148 | 89 844 | -68 106 | 20 491 | 19 590 | 901 | 89 844 |
| **Dekningsbidrag** | **187 641** | **194 164** | **-6 523** | **181 514** | **6 126** | **185 441** | **194 164** | **-8 723** | **181 514** |
| Personalkostnader | 135 328 | 134 413 | 915 | 127 997 | 7 331 | 135 285 | 134 413 | 872 | 127 997 |
| Andre driftskostnader | 37 065 | 48 205 | -11 140 | 43 391 | -6 326 | 45 644 | 48 205 | -2 561 | 43 391 |
| **Driftsresultat før finansposter** | **15 248** | **11 546** | **3 702** | **10 127** | **5 121** | **4 512** | **11 546** | **-7 033** | **10 127** |
| Netto finansposter | 1 525 | 1 668 | -143 | 1 646 | -121 | 1 533 | 1 668 | -135 | 1 646 |
| **Resultat før felleskostnader** | **16 773** | **13 214** | **3 559** | **11 773** | **5 000** | **6 045** | **13 214** | **-7 169** | **11 773** |
| Fordelte felleskostnader foretaksadministrasjon | -0 | - | -0 | - | -0 | 0 | - | 0 | - |
| Fordelte egne felleskostnader | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | - |
| **Resultat etter felleskostnader** | **16 773** | **13 214** | **3 559** | **11 773** | **5 000** | **6 045** | **13 214** | **-7 169** | **11 773** |
| | | | | | | | | | |
| **Nøkkeltall:** | | | | | | | | | |
| Prosentvis endring i inntekter varesalg | | | **-0,9 %** | | **4,1 %** | | | **-1,8 %** | |
| Prosentvis endring i inntekter frå tjenester | | | **-2,6 %** | | **12,9 %** | | | **-2,6 %** | |
| Prosentvis endring i andre inntekter | | | **11,0 %** | | **-75,8 %** | | | **4,6 %** | |
| Varekost % | 86,0 % | 85,2 % | **0,8 %** | 94,6 % | **-8,6 %** | 86,0 % | 85,2 % | **0,8 %** | 94,6 % |
| Personalkostnad % | 16,0 % | 15,7 % | **0,2 %** | 14,6 % | **1,4 %** | 16,1 % | 15,7 % | **0,4 %** | 14,6 % |
| Andre driftskostnads % | 4,4 % | 5,6 % | **-1,3 %** | 4,9 % | **-0,6 %** | 5,4 % | 5,6 % | **-0,2 %** | 4,9 % |
| Driftmargin % | 1,8 % | 1,4 % | **0,4 %** | 1,2 % | **0,6 %** | 0,5 % | 1,4 % | **-0,8 %** | 1,2 % |

### Merknader til resultatet:

- Budsjettavviket på varesal kjem i hovudsak frå sal til publikum (PUB), medan sal til sjukehusa ligg over budsjett. Varesalet til andre apotek og grossist og LAR visar eit negativt budsjettavvik.
- Samla varekostprosent ligg nå 0,8 % over budsjett. Varekosten i PUB og SHE er over budsjett medan varekost i PRO er under budsjett.
- Budsjettavvik frå tenester skuldast i hovudsak manglande omsetning og kapasitet innan rådgjeving med i alt 4,6 mill. medan tenestesalet frå PRO og SHE 2,4 over budsjett.
- Lønnskostnader over budsjett skuldast auk i pensjonskostnader og innleie av apotekar i Stavanger, avdelingsleiar i publikum i Bergen og fagsjef for PUB i FAD.
- Andre driftskostnader er under budsjett som følgje av lågare leigekostnader og lågare aktivitet på investeringar- og vedlikehald enn budsjettert. Honorar Helse Vest IKT ligg 8,3 mill. under budsjett etter refusjon av kostnader for åra 2009-2013.

## 4.2 Driftsanalyse per forretningsområde

Forretningsområda i SAV er:

- Publikumsutsalet
- Sjukehusekspedisjonen
- Tilsetningsproduksjon
- Steril/ ikkje steril regional og nasjonal produksjon i Bergen
- Farmasøytisk rådgjeving

Forretningsområda er vist samla frå alle apotek for det enkelte forretningsområde.

## 4.3.1 Publikumsutsal

| Budsjett overført: 03.02.2014 00:40 - 03.02.2014 01:15<br>Regnskap overført: 03.02.2014 01:15<br>Kjørt dato: 03.02.2014 16:41 | Akkumulert per 201312 | | | Hittil i fjor | | Hele året | | | Hele fjoråret |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Regnskap | Budsjett | Regnskap - Budsjett | Regnskap | I år - I fjor | Prognose (siste låste) hele året | Budsjett hele året | Prognose - Budsjett | Regnskap |
| Inntekter frå varesalg | 281 085 | 296 503 | -15 418 | 273 605 | 7 480 | 279 833 | 296 503 | -16 670 | 273 605 |
| Varekostnader | 244 460 | 253 134 | -8 673 | 240 091 | 4 369 | 243 357 | 253 134 | -9 776 | 240 091 |
| **Brutto fortjeneste** | **36 625** | **43 369** | **-6 745** | **33 514** | **3 111** | **36 476** | **43 369** | **-6 893** | **33 514** |
| **Brutto fortjeneste %** | **13,03 %** | **14,63 %** | **-1,60 %** | **12,25 %** | **0,78 %** | **13,03 %** | **14,63 %** | **-1,59 %** | **12,25 %** |
| Inntekter frå tjenester | 270 | 189 | 81 | 167 | 102 | 278 | 189 | 89 | 167 |
| Andre inntekter | 709 | 621 | 88 | 1 406 | -697 | 710 | 621 | 88 | 1 406 |
| **Dekningsbidrag** | **37 604** | **44 179** | **-6 576** | **35 087** | **2 516** | **37 464** | **44 179** | **-6 716** | **35 087** |
| Personalkostnader | 24 547 | 24 836 | -289 | 21 473 | 3 074 | 24 472 | 24 836 | -364 | 21 473 |
| Andre driftskostnader | 5 246 | 5 342 | -97 | 4 818 | 427 | 5 602 | 5 342 | 260 | 4 818 |
| **Driftsresultat før finansposter** | **7 811** | **14 001** | **-6 190** | **8 796** | **-985** | **7 389** | **14 001** | **-6 612** | **8 796** |
| Netto finansposter | 9 | | 9 | -2 | 11 | 8 | | | -2 |
| **Resultat før felleskostnader** | **7 820** | **14 001** | **-6 181** | **8 794** | **-974** | **7 397** | **14 001** | **-6 604** | **8 794** |
| Fordelte felleskostnader foretaksadministrasjon | 7 143 | 10 217 | -3 073 | 8 790 | -1 646 | 9 887 | 10 217 | -330 | 8 790 |
| Fordelte egne felleskostnader | 3 928 | 3 928 | - | 6 064 | -2 136 | 4 119 | 3 928 | 191 | 6 064 |
| **Resultat etter felleskostnader** | **-3 252** | **-144** | **-3 108** | **-6 060** | **2 808** | **-6 609** | **-144** | **-6 465** | **-6 060** |
| | | | | | | | | | |
| **Nøkkeltall:** | | | | | | | | | |
| Prosentvis endring i inntekter varesalg | | | -5,2 % | | 2,7 % | | | -5,6 % | |
| Prosentvis endring i inntekter frå tjenester | | | 43,0 % | | 61,2 % | | | 47,3 % | |
| Prosentvis endring i andre inntekter | | | 14,1 % | | -49,6 % | | | 14,2 % | |
| Varekost % | 87,0 % | 85,4 % | 1,6 % | 87,8 % | -0,8 % | 87,0 % | 85,4 % | 1,6 % | 87,8 % |
| Personalkostnad % | 8,7 % | 8,4 % | 0,3 % | 7,8 % | 0,9 % | 8,7 % | 8,4 % | 0,4 % | 7,8 % |
| Andre driftskostnads % | 1,9 % | 1,8 % | 0,1 % | 1,8 % | 0,1 % | 2,0 % | 1,8 % | 0,2 % | 1,8 % |
| Driftmargin % | 2,8 % | 4,7 % | -1,9 % | 3,2 % | -0,4 % | 2,6 % | 4,7 % | -2,1 % | 3,2 % |

**Merknader til resultatet i Publikumsutsal (PUB):**
